

**Nei til flytekai med treplattung**

21.06.2010

**Brit Dale sin søknad om løyve til flytekai med treplattung på Skorpo skal opp i forvaltningskomiteen onsdag.**

**Rådmannen går inn for at komiteen skal ta klagen frå fylkesmannen til følge og gjera om tidlegare vedtak slik at det ikkje blir gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen eller frå kommuneplanen sitt sjøareal.**

Rådmannen peikar på at det ikkje ligg føre særlege grunnar etter lova. I januar gav komiteen dispensasjon.

Rådmannen minnar mellom anna om at det er kommuneplanen som gjeld i sjø. Det er naudsynt med dispensasjon frå denne når det gjeld den omsøkte flytebyggja.

Kommunen har gjeve Brit Dale igangsettingsløyve for fritidsbustad under 70 kvadratmeter og fylling inntil 2 meter framfor hytta.

Det skal ikkje vera innlagt vatn eller avløp i denne.